

Syndebruk og sanning

I ME'A Nr. 10, oktober 1988, har signaturen MD i «Siden sist» på side 17 ei utblåsing mot forskningssjef Johannes Hamre. Eg skal ikkje her leggja meg borti den gamle feiden mellom Norges Fiskarlag og Johannes Hamre. Den går 10-12 år attende i tid og striden den gongen stod i hovudsak om korvidt dei få sildene som fanst på kysten skulle fiskast eller ikkje.

Hovudårsaka til at eg ber om spalteplass, er siste bolken av MD sine betraktningar der det heiter; sitat:

«La oss her bare minne om at Hamre sjøl nok er hovedansvarleg for en av de styggeste bommerter som er gjort når det gjelder bestandsanslag. Det gjaldt lodda, for øvrig i en – hva vi vet i ettertid – kritisk periode for denne bestanden. Men det skal vi få komme nærmere tilbake til i neste nummer.»

Eg veit ikkje kva MD aktar å skriva om dette, men eg veit godt kva han siktar til; han siktar til feilvurderinga av loddebestanden hausten 1982. Denne feilvurderinga førde til at tilrådde og fastsette kvotar for 1983 vart sette for høgt, og spesielt vart haustfangsten dette året for stor.


Eg skal ikkje trøyta MD og andre med lange tekniske utgreiingar om kva som var årsaka til at vi overvurderte loddebestanden hausten 1982. Mange tilhøve førde til dette, ikkje minst at det eine av fartøya våre, «Johan Hjort», forlengst var moden for skraphaugen. Av lett skjønlege grunnar plar eg vera svært varsom med å plassera ansvar og skuld for «forvaltningsmistak» på einskildmenneske. Men ettersom det tykkjest maktpåliggjande for MD at så vert

gjort i dette tilfellet, finn eg grunn til å påpeika kven som eigentleg var syndebrukken, slik at MD ikkje rettar bakar for smed.

Svært mange menneske med spesialkunnskapar innan ulike felt tek del i arbeidet med å laga eit bestandsanslag. Loddebestanden er i alle år blitt målt med akustisk metodikk. I mest like mange år, like fram til 1986 då eg skifta arbeid, var det eg som hadde hovudansvaret for akustisk mengdemåling ved Havforskningsinstituttet, og såleis hovudansvaret for at resultatene av slike mengdemålingar var pålitelege. Dei akustiske målingane av loddebestanden hausten 1982 var ikkje pålitelege nok. Dette førde til at bestanden vart overvurdert. Fylgjeleg var det eg som i hovudsak var «hovedansvarlig for en av de styggeste bommerter som er gjort når det gjelder bestandsanslag», ikkje forskningssjef Hamre.

Vi vart klår over «bommerter» og freista å retta den oppatt hausten 1983 gjennom tilrådingane for 1984. Det var ikkje så lett – forståeleg nok. Vi vart møtte med fylgjande spørsmål: «Korleis kan de vera så sikre på at det var i fjor de målte for mykje? Kanskje har de målt for lite no?» Etter mi meining eit naturleg spørsmål som vi hadde vanskar med å svara overtydande nok på. Utviklinga seinare viste likevel klårt at vi hadde rett hausten 1983, og fylgjeleg at vi bomma hausten 1982. Men å gjera forskningssjef Hamre ansvarleg for «bommerter» er gale og urettvist.

Både MD og eg – såvel som Havforskningsinstituttet, Norges Fiskarlag og andre som har medverka til norsk fiskeriforvaltning har sikkert gjort mistak. Desse



av
direktør Odd Nakken

Fiskeridirektoratets
Havforskningsinstitutt

mistaka vert ikkje retta oppatt ved å grava fram og hengja ut syndebrukkar i radio, fjernsyn og presse. Dei vert heller ikkje omgjorde ved at vi slør oss på bringa og seier: Kva sa eg! På dette tidspunktet deler eg dei oppfatningane som generalsekretær Finn Bergesen jr. gjev uttrykk for i ME'A nr. 10. Vi får heller prøva å læra av mistaka – kvar på vår kant – og ikkje gjera dei omatt. Berre på den måten kan vi få til ei betre forvaltning av havområda og havressursane enn den vi har hatt hittil. Eg tykkjer at vi i Noreg har gjort store framsteg i så måte dei siste åra og at Norges Fiskarlag har medverka til desse framstega på ein konstruktiv måte.

Det vil alltid kunna reisast kritikk – sakleg og usakleg – av det som vert gjort ved og av Havforskningsinstituttet. Kritikken må rettast mot leinga ved instituttet, som både er ansvarleg for korleis forskningsoppgåvene blir prioriterte og gjennomførde og også for dei råd til styresmakter og næring som blir resultatet av forskninga. Kritikken skal ikkje rettast mot einskild medarbeidarar innan ressursforvaltninga; medarbeidarar som utfører eit samvitsfullt og godt arbeid innafør dei råmene som vert trekte opp av instituttet sine rådgjevande og styrande organ og av løyvingane over statsbudsjettet.

Se under «Siden Sist», side 17.

Red.

Geneveskolen 1989

Med forbehold om Landsstyrets godkjenning utlyses et stipend til Geneveskolens kurs 1989.

Kurset varer fra 28. mai til 8. juli. Undervisningen foregår på skandinaviske språk, og hovedsakelig knyttet til mellomfolkelige og nordiske problemer, med hovedvekt på ILOs virksomhet.

Stipend kan søkes av tillitsmenn og ansatte.

Søknad med opplysning om tillitsverv eller stilling i organisasjonen, alder o.l. sendes gjennom fylkeslag og gruppeorganisasjoner til:

Norges Fiskarlag
Postboks 2563 Fjordgata
7002 Trondheim

innen 31. desember 1988.